

Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Nynorskversjon

Innhald

Innleiing	4
1 Kvifor normera?	4
2 Språkpolitisk grunnlag for normering	5
3 Fagleg grunnlag for normering	6
3.1 Eksplisitte vedtak	6
3.2 Implisitte vedtak	7
3.3 Ordlagning i norsk	7
3.4 Faktisk språkbruk	7
4 Språkspørsmål og normering	7
4.1 Normativ avgjerd eller råd	8
4.2 Kva slags spørsmål kjem til fagråd 3?	8
5 Særskilt om bokmål	9
5.1 Bakgrunn	9
5.2 Prinsipp for normeringa av bokmål	9
5.2.1 Sjølvstendepriinsippet	9
5.2.2 Stabilitetspriinsippet	10
5.2.3 Brukspriinsippet (ususpriinsippet)	10
5.2.4 Stramleikspriinsippet	10
5.2.5 Enkelheitspriinsippet	10
5.2.6 Tradisjonspriinsippet	10
5.2.7 Ordtilfangspriinsippet	11
6 Særskilt om nynorsk	11
6.1 Bakgrunn	11
6.2 Prinsipp for normeringa av nynorsk	11
6.2.1 Sjølvstendepriinsippet	12
6.2.2 Stabilitetspriinsippet	12
6.2.3 Brukspriinsippet (ususpriinsippet)	12
6.2.4 Stramleikspriinsippet	12
6.2.5 Enkelheitspriinsippet	12
6.2.6 Talemålspriinsippet	13
6.2.7 Tradisjonspriinsippet	13
6.2.8 Ordtilfangspriinsippet	13
7 Særskilt om normeringsomsyn ved fastsetjing av terminologi	13
7.1 Normering og grenseflata mot terminologi	13
7.2 Normert form for termar	14
7.3 Samarbeid med termfaglege miljø	14
8 Særskilt om normeringsomsyn for namn	14
8.1 Kva rolle har Språkrådet i normering av namneformer?	15
8.2 Namn som Språkrådet normerer etter vanleg prosedyre	15
8.3 Anna arbeid med namn i Språkrådet	15
9 Retningslinjer for normering av importord	15
9.1 Behov og definisjonar	15
9.2 Vurderingsgrunnlag	16
9.3 Nærare om fornorsking og norvagisering	16
9.4 Importord frå namn	16
9.5 Nordiske omsyn	16
9.6 Fonologiske omsyn	16
9.7 Tilpassing til b�e m�alformer	16
9.8 Morfologiske omsyn	16

9.9 Spesifisering av metode – kilde.....	16
9.10 Registrering og kunngjering	16
9.11 Parallellform versus eineform	17
9.12 Behandlingsmåte i fagråd 3	17
10 Særskilt om rådgjeving som gjeld uttale	17
11 Særskilt om skrivereglar.....	17
11.1 Kva er skrivereglar?	17
11.2 Fastsetjing og status.....	18
11.3 Faste skrivereglar.....	18
12 Prosess og vedtak	18
12.1 Prinsipp og mal for saksførebuing	18
12.2 Metode for handsaming av normeringssaker	19
12.3 Vedtak og kunngjering.....	19
Mal for sakshandsaming av normeringsspørsmål	20

Innleiing

Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk er eit arbeidsfelt for Språkrådet. Språkrådet kan vedta skrivemåte og bøyning av nye ord, og det kan vedta endringar i skrivemåte og bøyning av ord som har offisiell form frå før. Det kallar ein òg å normera, dvs. fastsetja som norm, som gjeldande rettskriving. Retningslinjene i dette notatet viser kva omsyn Språkrådet tek i arbeidet med normering.

1 Kvifor normera?

Språk er eit normativt fenomen. Både talemål og skriftspråk kviler på ei mengd normer for korleis ord og setningar kan sjå ut og kva dei kan tyda. For talemål er normene oftast ikkje eksplisitte, men kan sjåast på som ein stillteiande overeinskomst mellom språkbrukarane, som styrer korleis ytringar blir formulerte og avkoda. Slike normer kan ein kalla «operative». Dei finst så lenge det finst språkbruk som blir styrt av dei, og dei blir lærte gjennom bruk av språket. Dei operative normene er på eit vis språket sjølv.

Sidan dei operative normene allereie ligg i språkmedvitet og språkbruken, og definerer rett og gale utan å vera formulerte, er det rimeleg å spørja kva ein skal med preskriptive normer, det vil seia normer som har vorte formulerte og føreskrivne av eit organ med autoritet, og som gjeld for språkbruken på visse område. For å svara på det må ein sjå på skilnaden mellom talemål og skriftspråk. Eit skriftspråk treng medviten omsut. Historisk sett er skriftspråk alltid sekundære jamført med talemål. Opphavet til eit skriftspråk er skriftfesting av eit eksisterande talemål, eller ein medviten konstruksjon basert på eit utval av eksisterande talemål. Dette tyder likevel ikkje at det er rimeleg å sjå på utvikla skriftspråk som heilt sekundære i høve til talemål i samtida.

Skriftspråk skil seg frå talemål på fleire vis. Skriftspråk er aldri førstespråket til nokon, i motsetnad til talemålet. Traderinga av eit skriftspråk til nye generasjonar føreset kultur-institusjonar – strukturert opplæring, skular, medium, forlag – som traderinga av eit talemål ikkje treng. Samstundes har eit utvikla skriftspråk det sams med eit talemål at det kviler på eit system av uformulerte, operative normer for kva som er godtakande og ikkje godtakande, forankra i eit samfunn av språkbrukarar. Såleis er eit skriftspråk òg eit eige, sjølvstendig språk som må lærast; det er ikkje berre eit transkripsjonssystem for tale. Det språksamfunnet som desse skriftspråknormene er forankra i, har likevel ein eigen struktur jamført med samfunnet rundt eit talemål; eit skriftspråksamfunn består av folk som les og skriv, ofte med stor sosial og geografisk spreiding. Skriftspråket har ei historisk djupn som talemålet saknar, av di tekstar blir lesne lenge etter at forfatarane er borte. Det har òg ein hierarkisk struktur som følgjer av at somme les mykje meir enn andre, og somme blir lesne av langt fleire enn andre. Dette inneber at ikkje alle skrivande og lesande menneske er like sentrale som berarar av dei operative normene for skriftspråket. Den historiske djupna til eit utvikla skriftspråk gjev det dessutan eit akkumulert ordtilfang og eit stilregister som tydeleg gjer det til eit meir omfattande objekt enn noko eit einskilt menneske til vanleg kan meistra. Såleis er eit skriftspråk eit sams kunnskapsobjekt som den einskilde har meir eller mindre partiell kunnskap om.

Desse tilhøva gjer at skriftspråket er sårbart og krev særleg omsut. Ingen kan lesa alt, og mange les lite. Dersom skriftspråket trass i dette skal formidlast vidare som ein nyansert og

uttrykksfull berar av det kollektive minnet i samfunnet, trengst ressursar som dokumenterande ordbøker og grammatikkar, og systematisk arbeid med normer for grammatikk og rettskriving. Her kjem då den preskriptive normeringa inn, som først og fremst gjeld rettskriving og bøying, i mindre grad syntaks og ordtilfang, og endå mindre ordtydingar.

Rettskriving og bøying kan sjåast på som relativt overflatiske sider av språket, men samstundes er det særleg rettskriving og bøying som gjev skriftspråket ein umiddelbar identitet og gjer det attkjennande som det same språket frå tekst til tekst. Dette er igjen ein føresetnad for at skriftspråket lett skal kunna lærast. Å halda skriftspråket einskapleg nok til at det lett kan kjennast att, blir difor ein viktig del av arbeidet for å halda skriftspråket oppe i det heile.

Etter at den tidlegare tilnæringslinja i språkpolitikken no er oppgjeven, skal hovudgrunlaget for normeringa vera skriftspråka våre slik dei faktisk ser ut og utviklar seg i tekst. Stabile utviklingar i den operative norma er retningsgjevande for den preskriptive normeringa. Dette reduserer likevel ikkje normeringa til enkel objektiv observasjon. Det er framleis rom for val mellom alternative språkpolitiske syn, til dømes på avgrensinga av kva for tekstar som skal sjåast på som dei mest sentrale og normberande, og på avveginga mellom tradisjon og tidsdjupn på den eine sida og nærleik til talemåla i dag på den andre.

2 Språkpolitisk grunnlag for normering

Det språkpolitiske utgangspunktet er vedtektene for Språkrådet, særleg § 3 og 5. Språkrådet har etter vedtektene fullmakt til å gjera rettskrivingsvedtak. Dersom rettskrivingsvedtaka er gjennomgripande, skal dei leggjast dei fram for Kulturdepartementet til godkjenning, jf. § 3:¹

§ 3 Normering av bokmål og nynorsk

Språkrådet kan gi råd om staving og bøying av nye og tidlegare unormerte ord og gjer bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det. Føresegna gjeld også for transkripsjon av utanlandske namn. Språkrådet gir råd og rettleiing om tekniske skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjera kva reglar som er obligatoriske for korrekt språk.

Etter opplæringslova § 9-4 fjerde ledd skal Språkrådet godkjenna ordlister og ordbøker til skulebruk.

Dersom faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det, kan Språkrådet vedta ny stavemåte og bøying av tidlegare normerte ord og justeringar i skrivereglane. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Føresegnene i første og andre punktum gjeld tilsvarande for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. andre ledd.

§ 5 i vedtektene gjeld fagråda som Språkrådet har oppnemnt for å sikra breiast mogleg samfunnskontakt. Det er fagrådet for normering og språkbobservasjon (fagråd 3) som skal ta seg av normeringsspørsmål, som omtalt i tredje leddet:

¹ Jf. òg punktet «4.2 Normeringsendringar» i høyringsnotatet med utkast til reglar om fullmakter og behandlingssprosedyre i rettskrivingssaker frå juli 2012.

Fagrådet som behandlar rettskrivingsspørsmål, skal ha åtte medlemmer, halvparten for kvar målform. Ein for kvar målform skal koma frå sekretariatet. Også leiar og nestleiar skal tilhøyra kvar si målform og alternera annakvart år. Normeringssaker som ikkje er felles for målformene, skal behandlast i den aktuelle halvdel av fagrådet.

Etter § 4 i vedtektene skal styret i Språkrådet godkjenna vedtaka fagråd 3 gjer:

Styret har det overordna ansvaret for verksemda i Språkrådet og skal behandla og avgjera alle viktige og prinsipielle spørsmål. Styret skal godkjenna alle vedtak som Språkrådet har fullmakt til å gjera etter § 3.

Den tidlegare institusjonen Norsk språkråd hadde språknormering som ei sentral oppgåve. Språkrådet, som vart oppretta i 2005, fekk normeringsfullmakter i desember 2012. Retningslinjene her følgjer i stor grad det som var praksis i Norsk språkråd.

Til grunn for Språkrådets normeringsarbeid ligg vidare Stortingsmelding 35 (2007–2008) Mål og meining,² særleg kapittel 8 (Språkdyrking – eit korrekt og velfungerande språk), og innanfor dette kapittelet delkapittel 8.4.1 (språknormering):

Stortinget har tidlegare [...] slutta seg til prinsippet om sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, dessutan prinsippet om stabilitet, dvs. at vi bør ha mindre hyppige og mindre omfattande endringar i rettskrivinga enn det som tidlegare har vore vanleg her i landet. Desse to prinsippa bør framleis liggja til grunn og praktiserast mest mogleg konsekvent. (St.meld. 35 (2007–2008) pkt. 8.4.2.5.)

3 Fagleg grunnlag for normering

3.1 Eksplisitte vedtak

Eksplisitte normeringsvedtak er dels uttrykte i tilfang som er eksplisitt normert gjennom vedtak, dels i tilfang som er godkjent av Språkrådet og av forgjengarane (Norsk språknemnd og Norsk språkråd), og i dei utgreiingane som ligg attom gjeldande rettskriving.³

Det eksplisitt normerte ordtilfanget i norsk finst i

- ordbanken for bokmål og ordbanken for nynorsk
- tidlegare rettskrivingsvedtak og avgjerder⁴ som ikkje strir mot den seinaste normeringa
- ordlister og ordbøker til skulebruk som Språkrådet har godkjent⁵
- normative publikasjonar frå Språkrådet⁶

² Stadfest av kulturminister Torhild Widvey i interpellasjonsdebatt 25.2.2014.

³ Her er det tenkt på alle førebuande arbeid, frå prenta utgreiingar, som *Ny rettskriving for 2000-talet* (2011), til upubliserte utgreiingar og sakspapir i arkivet til Språkrådet med institusjonelle forgjengarar.

⁴ Ein database over årsmeldingane frå Norsk språknemnd, Norsk språkråd og Språkrådet er under oppbygging.

⁵ Ordlistar og ordbøker til skulebruk kan innehalda ord og uttrykk som ikkje er registrerte i Ordbanken.

⁶ T.d. bøkene *Nyord i norsk*, termlister og termordbøker, lister over geografiske namn osv.

Grunngeving og drøfting av tidlegare normeringsarbeid finst dels i større, offentleggjorde publikasjonar som innstillingane om rettskriving med tilhøyrande dokumentasjon. Mykje finst også i arkiva etter Norsk språknemnd og Norsk språkråd. Større saker har også vore framlagde og grunngevene i Språknytt og i konferansebidrag og vitskaplege publikasjonar.

Det manglar ein sams bibliografi for dette tilfanget, og mykje er vanskeleg tilgjengeleg. Språkrådet arbeider med å få digitalisert årsmeldingane og få knytt normeringsvedtaka i årsmeldingane til Ordbanken.

3.2 Implisitte vedtak

Frå 1952 og fram til 2000 hadde Språkrådet i oppgåve å godkjenna språket i læremiddel. Dette oppdraget innebar eit omfattande arbeid innanfor rettskriving, ordlaging og terminologiutvikling som stort sett ikkje vart bokført som normeringsvedtak. Dette korpuset av godkjend tekst må også reknast med i normeringsgrunnlaget for norsk, for implikasjonen av at ei lærebok i denne perioden kom på trykk, var at språket og dermed ordformer og rettskrivingsval var godkjende av Språkrådet.

3.3 Ordlaging i norsk

Ordlagingssystemet i norsk, med samansetningar og avleiingar, gjer at nyordsproduksjonen går uavbroten heile tida. Dette er uproblematisk så lenge skrivemåte og bøyning for kvar orddel er i samsvar med det eksplisitt normerte ordtilfanget. Det å laga og skriftfesta samansette og avleide ord høyrer med til den generelle språklege kompetansen i norsk skriftkultur. Berre ein svært liten del av denne tilveksten blir eksplisitt normert. Språkrådet normerer nyord når språkutviklinga tilseier det.

3.4 Faktisk språkbruk

Den største endringa i arbeidet med normering av rettskrivinga er at det i dag er mykje enklare å undersøkje faktisk språkbruk enn det var for nokre tiår sidan. Innanfor dei siste tiåra er det bygd opp svært store søkbare tekstkorpus over norsk skriftmål, og etter måten store elektroniske talemålssamlingar. Dette skaper ein ny arbeidssituasjon for alt normeringsarbeid, og krev kompetanse på nye område i Språkrådet.

Det sentrale ordtilfanget er høgfrekvent, og blir nytta som normeringsmal for mindre frekvent ordtilfang. Ein bør ha i mente at dei aller fleste ordformer har låg frekvens i skriftmålet. Såleis er det t.d. ikkje vanleg at ein finn alle moglege bøyingsformer av eit samansett substantiv i eit korpus, same kor stort det korpuset er.

4 Språkspørsmål og normering

Språkrådet får fleire tusen språkspørsmål i året.⁷ Det aller meste svarer sekretariatet på. Ofte er korrekt og fullstendig informasjon om korleis norma faktisk ser ut, tilstrekkeleg. Slike saker kjem dermed ikkje til fagråd 3.

⁷ Ein database med spørsmål og svar er under oppbygging.

Ein del spørsmål kjem også inn via nettsida til Bokmålsordboka og Nynorskordboka (ordbokene@iln.uio.no). Det meste blir svart på lokalt. Tvilsspørsmål går vidare til Språkrådet.

Sidan Språkrådet har mangla normeringsfullmakter inntil desember 2012, er mange spørsmål utsette med tanke på seinare handsaming. Nye importord som har verka greie, er handterte i sekretariatet, og er registrerte i Ordbanken (t.d. *blogg* og *ebola*).

Ordlister og ordbøker til bruk i skulen skal leggjast fram til godkjenning, og herifrå kan det koma spørsmål til fagrådet.⁸ Det hender også at andre institusjonar, t.d. NRK, legg fram verksemdsinterne retningslinjer for ordval og språkføring og ber om merknader frå Språkrådet til dette før det blir teke i bruk.

4.1 Normativ avgjerd eller råd

Spørsmål som krev normativ avgjerd, er uavklara spørsmål innanfor ortografi (allmennordtilfang og namn), bøyning og ordlaging. Dette kan handsamast på alle nivå (fonologi, bøyning, ordlaging, ortografi, einskildord eller grupper). Tvilsspørsmål og større spørsmål blir førebudde som saker for fagråd 3, anna tilfang kjem som orienteringssaker til fagrådet.

Om andre språklege emne (ordval, uttale, terminologi, tyding, syntaks, stil osv.) gjev Språkrådet tilråding i samsvar med det tilfanget som ligg føre. Hovuddelen av rådgjevinga går ut på å gjera greie for faktisk bruk, og syna alternativ.

For handsaming av importord og nyord er det også utarbeidd særskilde retningslinjer, sjå pkt. 9.

Ei side ved normeringsarbeidet som svært mange er opptekne av, er skrivereglar som ikkje direkte gjeld rettskriving eller bøyning (som t.d. datoformat). Også desse sakene kjem til Språkrådet for normativ avgjerd.

4.2 Kva slags spørsmål kjem til fagråd 3?

Språkrådet ser det generelt slik at oppgåva innanfor språknormering er å styrkja skriftnorma for bokmål og nynorsk med utgangspunkt i faktisk språkbruk, både den tidlegare og den noverande, og samstundes unngå endringar som inneber unødvendig variasjon eller valfridom. Kva dette inneber, må drøftast frå sak til sak. Generelt bør ein helst normera klasser av ord framfor einskildord, slik at innslaget av unntak i bøyingsmønsterar blir mindre (jf. pkt. 5.2.5 og 6.2.5).

Sekretariatet i Språkrådet legg fram saker som krev normeringsavgjerd, for fagråd 3. Spørsmål som kjem utanfrå, blir lagde fram for fagråd 3 når ein ikkje finn svar i eksisterande normert tilfang, og når det gjeld ønske om endring av eksisterande rettskriving. Større saker der Språkrådet vil ha bistand frå fagråd 3, er ofte uavklarte spørsmål som gjeld fleire ord og ordgrupper. Det mest omfattande er sjølvsagt rettskrivingsreform, som bokmålsreforma i 2005 og nynorskrettskrivinga av 2012. Mindre omfattande saker er restansar i bokmålsrettskrivinga der ein i si tid vedtok at ein ville venta på nynorskreforma. Etter rettskrivinga av 2012 står det

⁸ For ordbøker og ordlister til skulebruk er særskilde retningslinjer under utarbeiding.

òg att nokre spørsmål som må handterast parallelt i nynorsk og bokmål. Det gjeld m.a. genusvariasjon i substantiv og variasjon i bruk av samansetningsfuge.

5 Særskilt om bokmål

5.1 Bakgrunn

Skriftspråket bokmål byggjer på fornorskinga av det danske skriftspråket som vi hadde i landet fram til slutten av 1800-talet, gjennom rettskrivings- og språkreformar i 1907, 1917, 1938, 1959, 1981 og 2005. I 1907 og 1917 bygde denne fornorskingsprosessen i stor grad på ideane til Knud Knudsen. Siktemålet var å forankra ortografien og bøyingsformene i norsk tale. Prinsippet til Knudsen var å basera reforma på ein utbreidd by-sosiolekt, «den landsgyldige dannede dagligtale», òg kalla «talt riksmål». Frå 1917 til 1981 var føremålet med rettskrivingsendring i offentleg regi å leggja til rette for etter måten rask tilnærming mellom skriftnormene riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk. Dette førte til at mange tradisjonelle skriftspråkformer med grunnlag i «dannede dagligtale» vart stengde ute frå den offisielle norma, mens nye former vart innførte som ledd i tilnæringsplanen, utan at dei allereie var i skriftleg bruk. Tanken om rask språkleg tilnærming gjennom skriftspråknormering vart reelt lagd på is frå 1981. I 2002 vedtok Stortinget samrøystes at dei to målformene deretter skulle normerast på sine eigne premisser, det vil seia utan sideblikk til den andre målforma, men likevel slik at ein skal unngå unødvendige skilnader i ortografiske prinsipp (t.d. stavemåte av lånord). Dette var grunnlaget for reforma i 2005, og er gjeldande politikk i dag.⁹

Eit resultat av tilnæringsperioden er at skriftleg bokmål i dag viser større variasjon mellom alternative ordformer enn det som elles er vanleg i moderne skriftspråk. Tekstmaterialet viser ein del samvariasjon mellom dei ulike formvala, slik at vi kan snakka om operative subnormer av bokmål, tradisjonelt kalla «konservativt», «moderat» og «radikalt» bokmål, med mellomformer.

Variasjonen innanfor bokmål slik det blir skriva, set grenser for kor mykje ein kan redusera valfridomen i offisiell norm. Det er heller ikkje klare indikasjonar på at den eksisterande valfridomen blir opplevd som problematisk av språkbrukarane. I nokre tilfelle utarbeider avisredaksjonar eller andre trongare «husnormer». Kunnskapsgrunnlaget for det framtidige normeringsarbeidet må utviklast vidare, særleg gjeld det oppbygginga av breitt samansette og språkleg analyserte tekstkorpus.

5.2 Prinsipp for normeringa av bokmål

Prinsippa for normering av bokmål fell i stor grad saman med prinsippa for normering av nynorsk (avsnitt 6.2), men med ei litt avvikande vektlegging.

5.2.1 Sjølvstendepriippet

Bokmålet skal normerast på grunnlag av sin eigen skriftlege praksis og si eiga utvikling, og uavhengig av nynorsk, men i normeringa skal ein unngå unødvendige skilnader mellom dei to

⁹ Jf. St.meld. 35 pkt. 8.4.2.2.

målformene i grunnleggjande ortografiske prinsipp, orddeling, teiknsetjing, tekniske skrivereglar og norvagisering av lånord.

5.2.2 Stabilitetsprinsippet

Rettskrivinga av 2005 skal ikkje endrast vesentleg på kort sikt, men det kan gjerast mindre justeringar. Slike justeringar omfattar ord som ikkje har vore normerte før, retting av inkonsekvensar i tidlegare normering og i oppfølginga av den, og normendringar som følgjer av at ordformer kjem inn i eller går ut av bruk i skriftleg praksis.

5.2.3 Bruksprinsippet (ususprinsippet)

Det vesentlege grunnlaget for normeringa av bokmål er språket slik det ser ut i bokmålstekstar, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande. Avgrensinga av normdannande tekstar skal mellom anna ta omsyn til språkleg kvalitet og til kva innverknad ein ventar at den operative norma venteleg har på persepsjonen.

5.2.4 Stramleiksprinsippet

Det er i utgangspunktet ikkje noko mål korkje å stramma inn eller utvida valfridomen i bokmålsnorma. På lang sikt bør det likevel vurderast om norma kan strammast inn noko, så langt omsynet til usus og stabilitet tillet det. Auka valfridom ved einskildord kan bli nødvendig når nye former skal takast inn i norma, fordi ein normalt ikkje samtidig kan halda ute ei eksisterande form som framleis er i bruk. I slike tilfelle vil det vera eit føremål å vurderer om den gamle forma kan takast ut av norma etter ei tid.

5.2.5 Enkelheitsprinsippet

Normeringa skal i størst mogleg grad gjelda klassar av ord snarare enn einskildord, slik at innslaget av unntak i bøyingsmønsterar blir så få som råd. Dette blir likevel avgrensa av ususprinsippet: Dominerande avvikande bøying i frekvente einskildord bør stå ved lag. Endringar motiverte av systemomsyn kan føra til auka valfridom ved einskilde ord.

5.2.6 Tradisjonsprinsippet

Det er ein verdi ved eit skriftspråk at det kan kjennast att som det same språket over fleire generasjonar. Derfor bør ein òg rekna mykje lesne eldre tekstar som ein del av det normdannande tekstgrunnlaget for normeringsarbeidet, slik at tradisjonelle former som framleis er i bruk, i nokon monn blir ståande sjølv om dei har lågare bruksfrekvens enn før.

5.2.7 Ordtilfangsprinsippet

Dette prinsippet er ei avgrensing av domenet til normeringa: Ordtilfanget i bokmål skal ikkje normerast offisielt. Den offisielle norma slår fast korleis ord skal skrivast og bøyast, men avgrensar ikkje kva for ord (leksem) som høyrer til språket; det er ei leksikografisk oppgåve å avgjera kva ord skal med i ei ordbok. At ord ikkje er omtalte i den offisielle norma, vil altså ikkje seia at ho utelukkar dei, berre at stavemåten og bøyinga deira ikkje er normerte.

6 Særskilt om nynorsk

6.1 Bakgrunn

Grunnlaget for det nynorske skriftspråket vart lagt på 1800-talet då Ivar Aasen utforma landsmålet. Han bygde på undersøkingar av talemåla i landet, heldt dette opp mot norrønt, og såg òg til dansk og svensk skriftradisjon. Landsmålet fekk den første offisielle rettskrivinga si i 1901. Sidan då har det skifta namn til nynorsk (i 1929), og målforma har vore igjennom fleire store rettskrivingsreformer, framfor alt i 1917, 1938, 1959 og 2012. Frå 1917 til 1981 var føremålet med rettskrivingsendring i offentleg regi å leggja til rette for etter måten rask tilnærming mellom skriftnormene riksmål/bokmål og landsmål/nynorsk. Tilnærmingspolitikken vart avslutta av Stortinget i 2002.

Den nynorskrettskrivinga som gjeld frå 2012, førte til endes eit reformarbeid som hadde vara eit par tiår. For normeringsarbeidet i åra framover blir framfor alt fråsegner frå nasjonale styresmakter frå og med 2002 og Språkrådet sitt styre retningsgjevande.

St.meld. nr. 35 (2007–08) legg vekt på normstramleik (s. 172), men innrømmer valfridomen ein historisk etablert plass i rettskrivingane. Det er lagt vekt på stabilitet (s. 173), men samtidig blir følgjande slått fast (s. 174): «Både i sjølve rettskrivinga og i dei såkalla skrivereglane finst det likevel mange detaljar, og erfaring viser at det ofte oppstår behov for å vurdera visse justeringar eller tilpassingar.» Departementet slutta seg til Språkrådet sine dåverande planar for arbeidet med ny nynorskrettskriving og la sjølv særleg vekt på at «nynorsken skal framleis vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar» (s. 206).

Rettskrivingsnemnda som vart utnemnd av Språkrådet 16.12.2009 og utarbeidde den nye nynorskrettskrivinga i perioden 2010–11, hadde eit mandat som framleis er retningsgjevande i normeringsarbeidet.¹⁰ Nynorsknorma er no utan sideformer.

6.2 Prinsipp for normeringa av nynorsk

Prinsippa for normering av nynorsk fell i stor grad saman med prinsippa for normering av bokmål (avsnitt 5.2), men med ei litt anna vektlegging.

¹⁰Den nye rettskrivinga skulle vera «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer»; vidare skulle norma kunna «appellera til språkbrukarar over heile landet og [gi] rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar».

6.2.1 Sjølvstendepriinsippet

Nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag. I normeringssaker for nynorsk skal det derfor normalt ikkje tilleggast vekt om ei eventuell endring fører i den eine leia eller den andre i høve til bokmål. Ein skal likevel ikkje innføra nye skilnader mellom målformene i orddeling, teiknsetjing, tekniske skrivereglar eller liknande. I norvagisering skal målformene følgja kvarandre så lenge det ikkje bryt med rettskrivinga i målformene elles.

6.2.2 Stabilitetspriinsippet

Rettskrivinga av 2012 skal ikkje endrast vesentleg, men det kan gjerast mindre justeringar. Ein kan normera ord og uttrykk som ikkje har hatt normert form tidlegare. Normeringa av einskildord kan endrast når det er gode grunnar til det, til dømes for å fjerna inkonsekvens, for å skapa betre samsvar mellom norm og språkbruk eller for å gjera norma enklare. Slike endringar for einskildord kan gjerast sjølv om dei inneber utviding av norma på det punktet.

6.2.3 Brukspriinsippet (ususpriinsippet)

Det vesentlege grunnlaget for normering av nynorsk skriftspråk er språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande. Ein kan ta inn nye former i norma dersom dei er mykje brukte i skrift og vil gjera norma enklare å bruka. Ein bør då vurdera om den gamle forma kan takast ut av norma. Ein bør normera uavhengig av opphav. Vurderingar under brukspriinsippet må byggjast på undersøkingar av store tekstkorpus som dekkjer nynorsk skrift både diakront og synkront og har god nok sjangerspreiing.

6.2.4 Stramleikspriinsippet

Rettskrivinga av 2012 vart vedteken som uttrykk for det ein vurderte som passande stramleik. Det er såleis ikkje eit mål korkje å stramma inn eller å utvida norma. Dersom normerte einskildord likevel får ei ny form i rettskrivinga, bør den eldre forma ofte bli ståande ei tid, sidan fjerning med ein gong då bryt med stabilitetspriinsippet.

6.2.5 Enkelheitspriinsippet

Ei rettskriving som er enkel å bruka, skal på den eine sida ta vare på spontan skriveskikk, bygd på innarbeidd praksis, på den andre sida vera så systematisk at språkbrukarar kan resonnera seg fram der ein støyter på noko ukjent. Desse to omsyna vil somtid kollidera. Enkelheitspriinsippet skal ikkje forståast slik at det enklaste systemet alltid er å føretrekkja; ein må sjå norma i samanheng med talemåla og skriftspråkbruken og vurdera kvar sak for seg.

6.2.6 Talemålsprinsippet

Når ein strammar inn norma på punkt der det er talemålsvariasjon, bør forma som har best talemålsgrunnlag, bli ståande. Dersom ein utvidar norma, bør den nye forma ha svært godt talemålsgrunnlag. Med talemålsgrunnlag er det tenkt både på frekvens, generell utbreiing og utbreiing i kjerneområda for nynorsk.

Bruksprinsippet går framfor talemålsprinsippet: Unormerte former som er lite brukte i skrift, skal ikkje takast inn i norma sjølv om dei har godt talemålsgrunnlag.

6.2.7 Tradisjonsprinsippet

Nynorskrettskrivinga skal føra vidare former som har ein etablert plass i den nynorske skriftspråktradisjonen. Skriftspråktradisjonen strekkjer seg tilbake til 1800-talet, men i normeringa av den framtidige nynorsken må ein framfor alt ta omsyn til dei siste generasjonane. Ei innstramming av norma bør ikkje ta ut former som har vore mykje brukte etter rettskrivingsreforma i 1959.

6.2.8 Ordtilfangsprinsippet

Ordtilfanget i seg sjølv er ikkje eit normeringsspørsmål. Det er føresett at skuleordlister og skuleordbøker gjennom ordutvalet gjer greie for ordtilfanget i nynorsk på ein måte som syner vanleg bruk over tid. Ordtilfang som er etablert i språkbruken, blir ikkje teke ut av norma. Når det gjeld opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, kan Språkrådet gjera bindande vedtak, jf. § 3 i vedtektene.

7 Særskilt om normeringsomsyn ved fastsetjing av terminologi

Språkrådet har eit ansvar for nasjonal samordning av arbeidet med å utvikla fagterminologi på norsk. Utvikling av norsk fagterminologi krev spesifikk kunnskap om det gjeldande fagområdet. Terminologiutvikling må derfor skje i fagmiljøa. Samarbeid om terminologiutvikling er sterkt ønskjeleg, og Språkrådet bør bidra med å leggja til rette for terminologisk arbeid og spela ei aktiv rolle som rådgjevar i terminologisk arbeid. Språkrådet bør også engasjera seg i korleis kunnskapen om terminologi blir lagra og formidla i Noreg.

7.1 Normering og grenseflata mot terminologi

I terminologisk rådgjevsarbeid må ein skilja mellom (1) å velja blant aktuelle termkandidatar og (2) kva som skal vera normert form på einskildkandidatar. På det første punktet kan Språkrådet gje råd på generelt grunnlag, som t.d. å tilrå ein avlørsarterm framfor eit engelsk alternativ. Språkrådet vil òg ha synspunkt når det gjeld val mellom alternative norske termar, men slike fråsegner har ikkje normativ kraft. Fagmiljøa må sjølve vurdere kva for termar som skal vera tilrådde, tillatne eller frårådde, og utarbeida relevante avlørsartermar. I nokre tilfelle kan det òg vera usemje mellom ulike fagmiljø om kva som er den best eigna termen, og det er vanskeleg å sjå føre seg at Språkrådet skal kunna normera dette.

7.2 Normert form for termar

På det andre punktet vil Språkrådet bidra ved å fastsetja normert form for aktuelle termkandidatar. Når etablerte termar inngår i allmennspråket, vil dei kunna bli normerte ved oppføring i ordbøker. Men eit normeringsvedtak om rettskriving og bøying inneber ikkje at formene nødvendigvis utgjer tilrådde termar.

Normeringa av ordformer som blir brukte som fagtermar, følgjer dei prinsippa for normering som gjeld for allmennspråket. Ein må på same måte kartleggja bruken i fagspråkleg kontekst og ta omsyn til sentrale fagmiljø. Ei slik ususbasert grunngeving var grunnlaget for at *design* vart normert som inkjekjønnsord i tillegg til hankjønn i 2014, m.a. på initiativ frå Patentstyret.

7.3 Samarbeid med termfaglege miljø

Generelt skal normeringa av fagterminologi ta omsyn til etablerte standardar og eksisterande oppdaterte termbasar som blir nytta av fagmiljøa. Ein må òg ta omsyn til bruk i dei nordiske grannespråka og internasjonal bruk av tekniske termar og måleiningar.

Sentrale miljø for terminologiutvikling er statlege institusjonar som omset fagtekstar til norsk, som Noregs Bank, Sjøfartsdirektoratet, UD's eining for EØS-omsetjing og Universitets- og høgskulerådet si termgruppe. Terminologi som er vedteken der, vil i praksis ha ein normgjevande effekt. Språkrådet vil i sitt normeringsarbeid ta omsyn til framlegg som kjem frå slikt hald.¹¹ Denne framgangsmåten vil sikra at ein frå statleg hald får ein eintydig terminologi, og dermed bidra til gjennomslag for termen i brukarmiljøa.

Språkrådet kan også i visse høve gjera ein meir systematisk gjennomgang av termlister og termbasar. I samband med større gjennomgangar med revisjon er det naturleg at også fagråd 3 kan bli drege inn som rådgjevande organ.

8 Særskilt om normeringsomsyn for namn

Namn er ein del av språket som blir opplevd som særleg identitetsskapande, og det er ofte knytt sterke kjensler til handtering av namnespørsmål. Særnamna (*propria*), som omfattar namn på stader, personar, visse husdyr, skip, institusjonar, verksemder, organisasjonar, bøker m.m., utgjer ein stor del av det språklege inventaret. For Språkrådet er fastsetjing av skrivemåte i norsk for ikkje-norske namn også ei stor oppgåve.

¹¹ Eit aktuelt døme er normering av alternative termar knytte til omgrepet *postdoktorstipendiat* (t.d. *postdok/postdoc/postdoktor/postdoctor*). Ei normativ handsaming av akademisk terminologi må gjerast i samråd med UHR, som i praksis vil seia å ta omsyn til kva for normeringskandidatar som er oppførte i UHRs termbase for universitets- og høgskulesektoren (<http://termbase.uhr.no/>) eller, om høva ligg til rette for det, å tilrå bestemte kandidatar overfor UHR dersom omgrepet ikkje er oppført der.

8.1 Kva rolle har Språkrådet i normering av namneformer?

Stadnamn i Noreg er omfatta av særlege reglar, utanfor Språkrådets vanlege normeringsprosedyre (lov om stadnamn (1990, revidert 2005)).¹²

Somme namnegrupper får form fastsett av andre institusjonar, men Språkrådet skal normalt konsulterast på førehand.¹³ Dette gjeld (1) namn på statar (avgjerd i Utanriksdepartementet), (2) namn på norske offentlege institusjonar, (3) namn i polare område (Polarinstituttet). Kommunenamn kan bli ei sak der Språkrådet blir rådspurt. Ei fast konsultasjonsordning galdt inntil for få år sidan også for namn på petroleumfelt. I høve til desse namnegruppene kan Språkrådet gje råd og informera om kva som er rekna for god namneskikk.

8.2 Namn som Språkrådet normerer etter vanleg prosedyre

Namnegrupper der Språkrådet har ansvar for å fastsetja namneform, er (4) utanlandske geografiske namn og (5) historiske namn. Språkrådet fastset også form på avleingar frå og samansettingar med namn. Ei viktig gruppe er innbyggjarnamn (norske og utanlandske) med adjektiv. I namnesaker vil det ofte vera spørsmål om bruk av stor og liten bokstav, særskriving, kortformer osv., som også kjem inn under praktisering av skrivereglar.

8.3 Anna arbeid med namn i Språkrådet

Ei viktig side av arbeidet Språkrådet gjer med namnespørsmål, er ikkje normativt, men gjeld informasjon om namneformer og reglar for namnefastsetjing, rådgjeving og oppmuntring til å visa namneveit.

9 Retningslinjer for normering av importord

Føremålet med desse retningslinjene er å laga rutinar som operasjonaliserer normeringa av importord, jf. § 3 «Normering av bokmål og nynorsk» i vedtektene for Språkrådet.

Retningslinjene avløyser retningslinjer som Norsk språkråd vedtok i 1998.

9.1 Behov og definisjonar

Dersom nye importord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i norsk rettskriving, skal ein normalt gje dei norsk ordform, ved anten fornorsking eller norvagisering.

Importord vil seia lånord og framandord. *Fornorsking* vil seia at ein finn eit norsk ord (eit avløysarord) for importordet. *Norvagisering* vil seia at ein gjev importordet norsk skrivemåte.

¹²I brosjyren *Namnsetjing av gater og vegar/Navnsetting av gater og veier* gjev Språkrådet råd om val og skrivemåte av adressenamn og om prosedyren for saksbehandling.

¹³Kulturdepartementets Rundskriv V-11/2007: Språkfaglige konsultasjonsrutiner ved navnelaging i staten.

9.2 Vurderingsgrunnlag

For å kunna vurderer i kva høve ein skal satsa på fornorsking eller norvagisering, må Språkrådet auka innsikta i importordprosessen gjennom systematisk observasjon av språkutviklinga og språksituasjonen.

9.3 Nærare om fornorsking og norvagisering

For heilt nye importord som er vanskelege å tilpassa til norsk lydstruktur, skal Språkrådet prioritera arbeidet med å finna norske avløyssarord. I ordlagingsarbeidet skal ein leggja vekt på å konferera med brukargruppene.

Dersom ein bruker importord i norsk, skal det normalt godtakast å skriva eit importord i tråd med norsk uttale og norske rettskrivingsprinsipp, jamvel om det enno ikkje er normert slik.

9.4 Importord frå namn

Ein bør vera tilbakehalden med å endra termar som er i internasjonal bruk, t.d. måleiningar, særleg når ordet er avleidd av eit namn. Døme: *becquerel*, *pasteurisera*.

9.5 Nordiske omsyn

Når ein skal avgjera om ein bør satsa på norvagisering eller avløyssarord, bør ein jamføra med dei skandinaviske grannelanda, og sjå etter gode løysingar i grannespråka.

9.6 Fonologiske omsyn

Ein skal norvagisera nye importord etter det dominerande mønsteret for tilpassing til norsk uttale.

9.7 Tilpassing til bae målformer

Norvagiserte ordformer skal til vanleg ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk.

9.8 Morfologiske omsyn

Norvagiserte substantiv, verb og adjektiv skal setjast inn i norske bøyingsklassar slik at dei får tradisjonelle norske bøyingsendingar.

9.9 Spesifisering av metode – kjelde

Dei norvagiserte orda skal følgja nærare definerte prinsipp som er lista opp i utgreiinga *Lånte fjører eller bunad* (s. 110–120).

9.10 Registrering og kunngjering

Nye vedtak om norvagisering og fornorsking blir registrerte i Norsk ordbank og skal kunngjerast av Språkrådet i føremålstenlege kanalar.

Språkrådet skal ha ein strategi for å fremja norvagiserte og fornorska former.

9.11 Parallellform versus eineform

Dersom det ikkje er grunn til å halda på framand skrivemåte i eit importord, blir den fornorska eller norvagiserte forma normert som eineform.

Dersom det er grunn til å rekna framand skrivemåte av eit importord som etablert i rettskrivinga, skal norvagisert eller fornorska form koma i tillegg til den framande skrivemåten.

Når ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 25 år, skal ein analysere bruksmønsteret, og vurdere å gjere ordforma til eineform.

9.12 Behandlingsmåte i fagråd 3

Fagrådet for normering og språkbobservasjon førebur framlegg til norvagisering og bør så langt råd er, prøve å behandla ord i grupper.

10 Særskilt om rådgjeving som gjeld uttale

Språkrådet får ein del spørsmål om uttale av einskildord og namn. Språkrådet fastset ikkje uttalenormer, men kan gje råd. Det er gjort greie for rådgjevinga på nettsidene til Språkrådet.¹⁴ Desse råda byggjer på retningslinjer vedtekne for Norsk språkråd i 2001.¹⁵ Retningslinjene framstår som forelda og treng revisjon. Fagråd 3 ønskjer å spela ei konstruktiv rolle i normeringa her. Fagrådet har ikkje handsama uttalespørsmål i sin funksjonsperiode.

Når Bokmålsordboka og Nynorskordboka skal reviderast, vil opplysning om uttale bli ei større sak for Språkrådet, og då vil det vera rimeleg at fagrådet uttalar seg.

11 Særskilt om skrivereglar

11.1 Kva er skrivereglar?

Dette feltet er ikkje klart avgrensa, men det er knytt til skriving av ord og tekstar av alle slag og gjeld mange emne utanom den reine skrivemåten og bøyinga av orda. «Skrivereglar» er knapt nokon vanleg kjend term, og det omfattar alt frå konvensjonar som i stor grad er sams på tvers av språk (som at ein begynner ei setning med stor bokstav og avsluttar med punktum eller anna skiljeteikn), til fagspesifikk teiknbruk.

¹⁴ http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Raad_om_uttale/

¹⁵ Norsk språkråd: Årsmelding 2001. Vedtak s. 19–20. Retningslinjer i vedlegg 4 s. 59–60.

11.2 Fastsetjing og status

Dei nærare reglane for norsk har vakse fram dels som ledd i utviklinga i rettskrivinga. Mykje var fastlagt i 1970-åra. Boka *Skriveregler* av Finn-Erik Vinje har hatt ein sentral posisjon. Første utgåva kom ut i 1973 og hadde 64 sider, den 9. utgåva frå 2009 har 144 sider. Andre normkjelder har vore rettleiing i innleiinga i ordbøker og ordlister.

Skrivereglane fyller mange praktiskebehov, som korleis ein skriv datoar, andre taluttrykk og forkortingar, og korleis ein deler ord ved linjeskift. Språkrådet normerer m.a. skrivemåten av tal (t.d. årstal) og symbol når dei skal skrivast med bokstavar. Skrivereglane er jamt over ikkje mykje kontroversielle i dag. Det har vore kritikk om at t.d. kommareglane er for innfløkte. Det er viktig at reglane ikkje blir for mange og uoversiktlege. Språkrådet tok i 2006 til orde for «vurdering av et klarere skille mellom regel og råd i det som har med skriveregler å gjøre».¹⁶

11.3 Faste skrivereglar

Prinsippet om stabilitet i norma bør rå også på dette området, samstundes som det òg må vera rom for å gjera justeringar for at reglane skal vera funksjonelle. Det gjorde Språkrådet i 2014 på nokre punkt der språkbruken har endra seg mykje i seinare tiår.¹⁷ Utviding og ajourføring av norma, t.d. når det gjeld forkortingar og akronym, er òg aktuelt.

Ei vurdering av behovet for normering må sjåast i samanheng med korleis Språkrådet formidlar reglane og råda. Ordbøkene kan berre i liten grad formidla slike skrivereglar. Nettsidene til Språkrådet er den viktigaste kanalen.

12 Prosess og vedtak

Dette kapittelet går nærare inn på normeringsarbeidet som vidareføring av kapittel 4.

12.1 Prinsipp og mal for saksførebuing

For å få mest mogleg einskapleg saksførebuing for språkspørsmål fagråd 3 skal drøfta og/eller ta avgjerd om, er det laga ein mal for normeringssaker, på grunnlag av tidlegare praksis under Norsk språkråd (vedlegg 1).

Rettskrivingsnemndene for nynorsk (2002 og 2010–2011) valde å etablere ein standard for gjennomgang av kvart punkt. Denne framgangsmåten gjorde mykje til at innstillingane vart leselege, oversynlege og brukande som referansedokument i ettertid.

Ein slik mal legg til rette for lagring av normeringssaker i database, og dette er eit mål på lengre sikt.

¹⁶I brev til Kultur- og kyrkjedepartementet «Svar på KKD's brev av 29. mai 2006 om det fremtidige normeringsarbeidet».

¹⁷Språkrådet godtok klokkeslett med kolon: 09:00, skrivemåten av årstal som tjuetjorten ved sida av totusenogfjorten og at datoar kan skrivast med rekkjefølgja 2014-02-11.

12.2 Metode for handsaming av normeringssaker

Som malen viser, er metoden for handsaming av normeringssaker

- klargjering av status
- vedtaksframlegg
- oversyn over normeringshistorikk og munnleg og skriftleg bruk, irekna frekvens
- vurdering (diskusjon)

Dei tre moglege vedtakstypene er

- inga endring (irekna negativt vedtak, dvs. ikkje normera)
- endra gjeldande normering eller normeringsstatus
- halda på gjeldande normering og leggja til noko

Det at saka i det heile ligg føre til handsaming i fagråd 3, føreset at sekretariatet vurderer endring som mogleg utfall. Dei tre vedtakstypene vil dermed ha som underlag argument for og mot endring.

Dersom ein ikkje har gode argument for at gjeldande normering bør gå ut eller innsnevrast (i tilfelle med eksisterande valfridom), vil vedtaksframlegg om endring måtta bli eit framlegg om tillegg til eksisterande norm. Dette er den mest generelle grunnen til at saker som gjeld einskildord, ofte inneber normutviding på mikronivå. Det er elles svært mange omsyn som kan motivera endring av gjeldande normering eller vedlikehald av ein situasjon med valfridom. Somme av dei er handsama i samband med utdjupande avsnitt ovanfor.

12.3 Vedtak og kunngjering

Normeringsvedtak i fagråd 3 skal godkjennast av styret i Språkrådet. Dersom det gjeld «gjennomgripande endringar eller systemendringar», skal dei leggjast fram for Kulturdepartementet til godkjenning, jf. vedtektene.

Normeringsvedtaka skal kunngjerast på nettsidene til Språkrådet, gjennom oppdatering av Bokmålsordboka, Nynorskordboka og Norsk ordbank og gjennom andre høvelege kanalar.

Mal for sakshandsaming av normeringsspørsmål

SAK (referansenummer i fagrådet for normering og språkobservasjon og i styret)

- vedtaksframlegg
- framleggsstillar
- bakgrunn og grunngjeving i kortform for at saka kjem opp
- referanse (lenke) til innkomne dokument

SAKSTYPE

Er dette ei sak av type 1, 2 eller 3? Kryss av.

1 Realisering av eksisterande vedtak og normer

2 Framlegg til styrevedtak om slike saker som er nemnde i § 3 i vedtektene

3 Framlegg til tilråding til Kulturdepartementet i slike saker som er nemnde i § 3 i vedtektene

VEDTAK

Framlegg til kort vedtak, og tilvising til lengre vedtak som konklusjon på grunngjeving

STATUS

Oversyn over eksisterande og tidlegare normering

Lenke til Ordbanken og Bokmålsordboka og/eller Nynorskordboka

Tidlegare sakspapir frå Språkrådet, Norsk språkråd, Norsk språknemnd

Andre og større utgreiingar (nynorsk for 2000-talet o.l.)

NORMERINGSHISTORIKK

Kva seier Ordbanken, normeringsdatabasen og tidlegare sakspapir i Norsk språkråd og Språkrådet?

OVERSYN OVER BRUK

Frekvens før og no

Dokumentasjon av (alternative) former: ordbøker, statistikk frå sentrale korpus, spørsmål til Språkrådet o.a.

bokhylla.no – lærebøker og andre dokument

Status i andre språk: nordiske språk, engelsk osv.

Nordiske omsyn i normeringa

DISKUSJON

Argumentasjon/diskusjon/drøfting som fører til eit standpunkt; grunngjeving for standpunktet

Referansar til normeringsprinsipp på visse område

Konsekvensar for andre område av språket?

LENGRE VEDTAK SOM KONKLUSJON PÅ GRUNNGJEVING

Fagrådet meiner (innstilling til innkomne framlegg)

LITTERATURREFERANSAR